



Transport- og kommunikasjonskomiteen
Stortinget

0026 OSLO

Nasjonal transportplan 2010-2019 - fråsegn

Sogn regionråd samansett av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal har i møtet 24. april 2009 slutta seg til følgjande fråsegn til Nasjonal Transportplan 2010 -2019 (St. melding nr 16, 2008-2009):

I Nasjonal Transportplan er det føreslått at ansvaret for prosjektet Nasjonale Turistvegar skal overførast frå staten til fylkeskommunen frå 1.1.2010. Finansiering av turistvegprosjektet vil skje innanfor fylka sine rammer. Midlar som no er øyremerka prosjektet Nasjonale Turistvegar skal gå inn i dei ordinære løyvingane styrt av fylkeskommunane.

Av dei 18 strekningane som er omfatta av prosjektet Nasjonale Turistvegar fram til ferdigstilling i 2016, har Sogn regionråd tre strekningar; av desse er ein strekning ferdigstilt og to er framtidige.

Sogn regionråd er uroa for at ansvarsoverføring til fylka kan få negative konsekvensar for den vidare turistvegsatsinga og vera eit tilbakesteg i arbeidet med å utvikla Nasjonale turistvegar. Sogn regionråd ser føre seg at midlane vil gå til ordinær vegutbygging og drift istadenfor til prosjektet. Nasjonale Turistvegar er fylkesoverspennande og bør halda fram som eit statleg prosjekt. Sogn regionråd ber om Statens vegvesen held fram med å utvikla og driva prosjektet Nasjonale Turistvegar.

Med helsing

Jarle Aarvoll
leiar Sogn regionråd

Karina Nerland
dagleg leiar